

Jaktreglar på JAKTFELT BRANDAL UTMARKSLAG sesongen 2021/2022

Jakttider - Jaktbare artar – Begrensningar

Jakttida er fastsett til 10.september – 28 februar for alt jaktbart småvilt med jakttidsramme. Jakttida på den enkelte art er avgrensa av arten si jakttidsramme og underståande restriksjonar.

- Storfugl er freda
- I januar og februar er det kun lov å jakte hare.

Følgjande begrensingar av felling gjeld:

- Lirype og fjellrype: 1 fugl pr. jeger pr. dag
- Orrfugl: Maksimalt ei orrhøne pr. jeger pr. dag, ingen begrensning på orrhane.

Jaktkort -

Alle som jaktar på jaktfeltet på Brandal Utmarkslag skal løyse jaktkort. Jaktkort skal bringast med på jakt og kunne visast fram ved kontroll (kvittering vipps)

Jaktkort vert seld av UHJFF og det er kun medlemmar av UHJFF som kan løyse kort for fuglejakt.

Jaktkort for hare kan kjøpast av alle, men då kun 7 dagars kort, pris kr. 300.-

Sesongkort selgast berre til medlemmar og prisen for jaktkort sesongen 2020/2021 er sett til kr. 300,-.

Kort kan kjøpast på VIPPS. Ved kjøp på VIPPS er kvitteringa gyldig som jaktkort.

Vipps nr. sesongkort: 648126

Vipps nr. 7 dagers kort for hare: 704573

Jakt-reglar -

Det foregår hjortejakt i terrenget samstundes med småviltjakta, og det er derfor viktig at kvar jeger tek omsyn til andre, slik at samjakt kan foregå på ein slik måte at ein ivaretek sikkerheit og unngår konflikhtar. På tidleg morgon og i kveldinga jaktast det hjort i øvste skogbandet. Maksimalt 2 mann på linje. Det presiserast at det er jegeren si plikt å setje seg inn i gjeldande reglar og grenser for terrenget, og at desse blir overhaldne.

Terrenget er avgrensa til utmark tilhøyrande Gnr. 40 og er avmerkt på vedlagte kart. Alle som jaktar med hund må ha godkjent «sauereinheitsbevis».

Brot på reglar eller forskrifter om utøving av jakt kan medføre at ein mister retten til framtidig jakt.

Jaktrapport -

Alle som har løyst jaktkort pliktar å levere jaktrapport innan utgangen av mars. Å unnlata å rapportere kan føre til at ein blir nekta kortkjøp påfølgjande sesong. Rapport leverast elektronisk til jaktrapport@gmail.com

Alle funn av sauekadaver eller fallvilt av hjort skal rapporterast til UHJFF eller grunneigar.

God Jakt!